



Multiconsult AS
Konsekvensutgreiing, deltema kulturminne og
kulturmiljø. Breim kraftverk

Utgave: 2
Dato: 2010-12-13

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgiver: Multiconsult AS
Rapportnavn: Konsekvensutgreiing, deltema kulturminne og kulturmiljø. Breim kraftverk
Utgave/dato: 2 / 2010-12-13
Arkivreferanse: -

Oppdrag: 524884 – KU Kulturminne og kulturmiljø, Breim Kraftverk
Oppdragsbeskrivelse: KU kulturminne og kulturmiljø
Oppdragsleder: Valvik Kjell Arne
Fag: Analyse;Plan
Tema Kulturminne/-miljø
Leveranse: Konsekvensutgreiing

Skrevet av: Oddhild Dokset Engedal
Kvalitetskontroll: Kjell Arne Valvik

Asplan Viak AS www.asplanviak.no

FORORD

Asplan Viak har vore engasjert av Multiconsult for å utarbeide konsekvensutgreiinga for deltema kulturminne og kulturmiljø i samband med bygging av Breim kraftverk. Kjetil Mork, Multiconsult, har vore kontaktperson for oppdraget. Arkeolog Oddhild Dokset Engedal har utarbeida rapporten, medan Kjell Arne Valvik har gjennomført synfaring og vore kvalitetssikrar. Kjetil Mork, Multiconsult, har utarbeida temakart etter kartmanus.

Kjell Arne Valvik har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Leikanger 13.12.2010

Oddhild Dokset Engedal
Temaansvarlig

Kjell Arne Valvik
Kvalitetssikrar

INNHOLDSFORTEGNELSE

1	Samanstilling og samandrag	6
1.1	Utbyggingsplanane	6
1.2	Områdeskildring og verdivurdering	6
1.3	Moglege konsekvensar	7
1.4	Avbøtande tiltak	9
1.5	Oppfølgjande undersøkingar	9
2	Utbyggingsalternativa.....	9
3	Grunnlag og metode	12
3.1	Nasjonale, regionale og lokale mål og retningslinjer	12
3.2	Verdi.....	13
3.3	Omfang	14
3.4	Konsekvensar	14
4	Kulturminnelova	15
4.1	Definisjonar kulturminne og kulturmiljø	15
5	Kulturhistorisk utvikling.....	16
6	Kulturmiljø og verdivurdering	17
6.1	Kulturmiljø 1	17
6.2	Kulturmiljø 2	32
7	Omfang og konsekvensvurdering	33
7.1	Alternativ A1 kraftstasjon i Seimesstranda (i fjell).....	33
7.2	Alternativ A2 kraftstasjon i Seimestranda (i dagen)	35
7.3	Alternativ B Kraftstasjon ved Seimebrua	36
7.4	24 kV jordkabel/ 24 kV kraftlinje.....	37
7.5	Samla konsekvensar.....	38
7.6	Massedeponi.....	39
8	Avbøtande tiltak	41
9	Oppfølgjande undersøkingar.....	42
10	vurdering av potensial for funn av automatisk freda kulturminne	42

11 Litteraturliste	43
Vedlegg 1	44
Vedlegg 2	45

1 SAMANSTILLING OG SAMANDRAG

1.1 Utbyggingsplanane

Breim Kraft AS står bak utbyggingsplanane i Storelva i Gloppe kommune. Breim Kraft er eit selskap som er 100 % eigd av grunneigarane med fallrettar på den aktuelle elvestrekninga.

Breim Kraft AS søker primært om konsesjon for ei utbygging i henhold til alternativ A1, som inneber kraftstasjon i fjell ca. 1,3 km sør for Storevas utløp i Breimsvatnet. Alternativ A2, som inneber kraftstasjon i dagen i det same området, omsøkjast som eit sekundært alternativ. Begge desse alternativa vil gje ein årleg produksjon på ca. 98,5 GWh.

Utbyggingskostnaden for alternativ A1 er berekna til ca. 336 mill. kr, noko som gjev ein utbyggingspris på 3,42 kr/KWh. Alternativ A2 gjev ein noko høgare utbyggingspris. Alternativ B, med kraftstasjon ved Seime bru, er vurdert, men ikkje omsøkt av tekniske, økonomiske og miljømessige grunnar.

Når det gjelder netttilknytningen, så har flere alternativer vert vurdert. En ny 22 kV jordkabel fra kraftstasjonen i Seimestranda til Reed transformatorstasjon er omsøkt som primært alternativ, men også oppgradering av eksisterende 22 kV luftlinje langs samme strekning (ikke omsøkt) eller påkobling til eksisterende 132 kV linje ved hjelp av jordkabel og T-avgreining (sekundært alternativ) er utredet. Alle detaljer rundt sistnevnte alternativ er ikke helt avklart, dette vil bli gjort i samråd med SFE Nett i neste fase.

For å redusere effekten av tiltaket på bl.a. landskap, naturmiljø, fisk og friluftsliv legg Breim Kraft AS opp til at det slippes minstevassføring gjennom heile året. I produksjons-berekningane er det kalkulert med 6,0 m³/s i sommarhalvåret og 1,0 m³/s i vinterhalvåret. I tillegg vil restfeltet bidra med ei middelvassføring på nærmere 1,0 m³/s i sommarhalvåret og 0,3-0,4 m³/s i vinterhalvåret. Middelvassføringa ned mot utløpet i Breimsvatnet vert då på nærmere 7 m³/s i sommarhalvåret og 1,3-1,4 m³/s i vinterhalvåret. I tillegg er det svært aktuelt å byggje tersklar på dei strekningane der fallforholda tilseier at dette er mulig. Desse tiltaka ligg inne som ein del av utbyggingsplanane, og det er tatt omsyn til dei ved vurderinga av mulige konsekvensar.

1.2 Områdeskildring og verdivurdering

Det er definert 2 kulturmiljø innanfor plan-og influensområdet til tiltaket. Kulturmiljø 1 famnar om fleire gardar i bygda Breim (Fløtre, Flølo, Jordanger, Reed, Seim, Råd, Bø og Høylo) og bygdesenteret Reed. Gardstuna er plassert på rekke og rad langs Storelva. Det er i områda rundt gardstuna langs Storelva, ein finn dei viktigaste kulturhistoriske verdiane. Gravhaugane ligg spreidd i kulturlandskapet og er synlige vitnesbyrd om gardsbusetnaden tilbake til eldre jernalder. På alle gardstuna står bygningar frå 18/1900-talet, og enkelte gardar har bygningar som er frå 16/1700-talet. I mellom gardstuna er det jorder med dyrka mark, desse er i stor grad prega av moderne jordbruksaktivitet. Innimellom kan ein likevel sjå restar etter kulturbetar med ruinar etter gardfjøsar.

Reed har vore eit bygdesentrum i fleire hundre år. Det er her kyrkja i bygda er lokalisert, den er listeført. Reed var også kyrkjested i middelalderen og den første kyrkja ein kjenner til vart oppført på 1200-talet. Nøyaktig plassering kjenner ein ikkje.

Reed var også eit viktig sentrum på 17- og 1800-talet, med gjestgiveri, postopneri og landhandel. I dag er Gordon Hotell eit ståande vitnesbyrd om denne aktiviteten.

Naustmiljøa ved Breimsvatn har også store kulturhistoriske kvalitetar. Det gamle naustmiljøet på Reed er frå 1870-åra og mange av bygningane er tekne vare på. I 2005 var det 14-15 bygningar og ei gammal steinbryggje. På Seime er det også eit flott kulturlandskap med naust og ei løe. Det eine naustet er frå 1700-talet.

Kulturmiljø 1 er stort og famnar om eit stort område. Den overordna verdivurderinga vert middels til stor verdi for det samla kulturmiljøet. Dei automatisk freda kulturminna innanfor kulturmiljøet er av nasjonal interesse og er skilt ut med høg verdi.

Kulturmiljø 2 famnar om kulturlandskapet i Seimsstranda, samt Rådastølen og Seimsstølen. Kulturlandskapet i Seimsstranda er eit synleg vitnesbyrd om korleis ein tidlegare utnytta alle tenkjelege ressursar for å samle nok for til dyra, slik at dei klarde seg gjennom vinteren. I det bratte og ulendte området i Seimsstranda kan det enno sjåast slåtteteigar på berghyller og på kantane av juv. Stølsdrifta var viktig for gardsdrifta fram til byrjinga av 1900-talet. Området er i dag sterkt prega av attgroing. Den samla verdivurderinga av kulturmiljøet er liten til middels verdi.

1.3 Moglege konsekvensar

Alternativ A1

KM 1: sjølv om inntaket ligg innanfor det definerte kulturmiljøet vil tiltaket likevel i liten grad ha innverknad på kulturmiljøet som heilskap. Lokaliseringa er uproblematisk med tanke på dei områda som har dei største kulturhistoriske verdiane. Når det gjeld kraftstasjonen er den plassert i ei brattlendt skråning i Seimsstranda. Området er utanfor det definerte kulturmiljøet og det ligg også godt skjerma i forhold til kulturmiljøet. Redusert vassføring vil ha generell visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø, og dermed skiple opplevinga av kulturlandskapet på staden noko. Tiltaket vil ha intet til lite negativt omfang både i anleggs- og driftsperioden.

KM 2: tiltaket vil ikkje ha innverknad på det definerte kulturmiljøet verken i anleggs- eller driftsperioden.

Alternativ A2: omfang i stor grad som for alt. A1.

Alternativ B

KM 1: inntak som A1 og A2. Kraftstasjonen er i dette alternativet plassert ved Seime bru. Ei slik plassering av kraftstasjonen vil gripe inn i kulturmiljøet kring den gamle kyrkjesteden og ha nærføring til gravminne og kulturlandskap på garden Råd, gnr 114. I tillegg til sjølve kraftstasjonen vil det og bli greve ei røyrgate i nedste del mot kraftstasjonen. Røyrgata vil bli mellom 700 og 800 meter lang og mellom 15 og 20 meter brei. Dette vil såleis føre til eit stort inngrep i kulturmiljøet, særleg i anleggsfasen. Redusert vassføring vil ha generell visuell

innverknad på kulturminne og kulturmiljø, og dermed opplevinga av kulturlandskapet på staden. Tilbakeføring av driftsvatn i nedre del av elva vil vere positivt. Tiltaket vil gje eit middels negativt omfang i anleggsperioden og eit lite negativt omfang i driftsperioden. Samla vil tiltaket gje lite til middels negativt omfang.

KM 2: tiltaket vil ikkje ha innverknad på det definerte kulturmiljøet verken i anleggs- eller driftsperioden.

Luftlinje/jordkabel

Kraftstasjonen er planlagt tilkopla Reed sekundærstasjon anten ved hjelp av ein jordkabel eller ei luftlinje. Ei oppgradering av eksisterande linje vil føre til ei større og meir dominerande linje enn den som er i dag. Dette vil få eit lite negativt omfang for KM 1. Jordkabelen vil hovudsakleg følgje eksisterande veg og dyrka mark langs elvekanten. To stader kryssar den eit større område med dyrka mark. Dette tiltaket vil ikkje vere synleg i ettertid og jordkabel vert derfor føretrekt framfor luftlinje.

Massedeponi

Trass at områda for massedeponi er innanfor KM1, vil det bli en minimal konflikt i forhold til kulturmiljø/kulturminne. Areala ligg godt skjerma i forhold til områda med dei viktigaste kulturhistoriske verdiane. Arealet vest for Lunde er likevel det massedeponiet som vil gjere størst inngrep i landskapet i området, og har difor noko meir visuell innverknad på kulturlandskapet meir generelt i området.

Kulturmiljø	Utbyggingsalternativ					
	A1 – Kraftstasjon i Seimsstranda (i fjell)		A2 – Kraftstasjon i Seimsstranda (i dagen)		B – Kraftstasjonen ved Seimebrua	
	24 kV jordkabel	24 kV kraftlinje	24 kV jordkabel	24 kV kraftlinje	24 kV jordkabel	24 kV kraftlinje
KM 1	Ingen til liten negativ konsekvens (0/-)	Ingen til liten negativ konsekvens (0/-)	Ingen til liten negativ konsekvens (0/-)	Ingen til liten negativ konsekvens (0/-)	Liten til middels negativ konsekvens (-/-)	Liten til middels negativ konsekvens (-/-)
KM 2	Ingen konsekvens (0)	Ingen konsekvens (0)	Ingen konsekvens (0)	Ingen konsekvens (0)	Ingen konsekvens (0)	Ingen konsekvens (0)
Rangering	1	3	2	4	5	6

Rangering der 1 er det beste alternativet.

Alternativ A1 og A2 er lite problematiske å gjennomføre sett frå eit kulturhistorisk perspektiv. Sjølv om det vil bli fysiske tiltak innanfor det definerte kulturmiljøet, vil tiltaka ikkje vere særleg dominerande og dei er godt skjerma i forhold til områda med dei viktigaste kulturhistoriske verdiane. Alternativa med jordkabel vert føretrekt i forhold til oppgradering av eksisterande kraftlinje. Alternativ A1 med jordkabel vert trekt fram som det beste alternativet, som nr 2 følgjer alternativ A2 med jordkabel. Vidare er alternativ A1 med luftlinje rangert som

det 3 beste alternativet og A2 med luftlinje som det 4 beste alternativet. Alternativ B kjem dårlegast ut, både med og utan kraftlinje. Alternativ B med jordkabel, er rangert som nr 5 og alternativ B med kraftlinje, er rangert som nr 6 og er rekna som det dårlegaste alternativet for kulturminne og kulturmiljø.

1.4 Avbøtande tiltak

Som avbøtande tiltak vil det vere viktig å plassere vegar og massedeponi med minst mogleg terrengeinngrep. Massedeponi på dyrka mark må dekkjast med jord og såast, slik at deponiområdet ikkje skil seg ut i forhold til dei omkringliggende markene.

Jordkabel bør føretrekkast framfor luftlinje og eksisterande linje bør rivast om alternativet med jordkabel vert valt. Om jordkabel vert valt er det også viktig at grøfta som vert greven i samband med denne, vert tildekkja slik at inngrepet ikkje vert synleg i ettertid.

1.5 Oppfølgjande undersøkingar

Tiltak som deponiområde, anleggsvegar, permanente konstruksjonar og midlertidige riggområde vil kunne utløyse eit krav om arkeologiske undersøkingar i henhold til kml § 9 (undersøkingsplikta). Graving av grøfter, anten det er i samband med jordkabel eller røyrgate, vil også kunne utløyse arkeologiske undersøkingar. Det er Sogn og Fjordane fylkeskommune som har forvaltningsansvar i gjeldande område.

Tunnelmassane i samband med tiltaket vil bli brukt lokalt til utbetring av jordbruksareal, vegar og liknande, eller bli deponert i eit undervassdeponi i Breimsvatnet. Slike tiltak må avklarast med kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen. I denne rapporten er vurderingane gjort ut frå avmerka deponiområde på kart.

Planområdet er vurdert til å ha lite potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Det er derfor lite truleg at tiltaket vil utløyse eit krav om arkeologiske undersøkingar i henhold til kml § 9. Eit unntak kan vere stadane der den planlagde jordkabelen kryssar over dyrka mark og traseen for røygata ned til kraftstasjonen i alternativ B.

2 UTBYGGINGSALTERNATIVA

Storelva (ved det planlagde inntaket) har eit nedbørfelt på 353 km². Myklebustbreen og Jostedalsbreen dekkjer store delar av nedbørfeltets austlege område, noko som betyr stabilt høg vassføring sjølv i tørre periodar i sommarhalvåret. Middelvassføringa ved det planlagde inntaket er berekna til 27,3 m³/s.

Breim Kraft AS søker primært om konsesjon for ei utbygging i henhold til alternativ A1, som inneber kraftstasjon i fjell ca. 1,3 km sør for Storelavas utløp i Breimsvatnet. Alternativ A2, som inneber kraftstasjon i dagen i det same området, omsøkjast som eit sekundært alternativ. Begge desse alternativa vil gje ein årleg produksjon på ca. 98,5 GWh. Utbyggingskostnaden for alternativ A1 er berekna til ca. 336 mill. kr, noko som gjev ein

utbyggingspris på 3,42 kr/KWh. Alternativ A2 gjev ein noko høgare utbyggingspris. Alternativ B, med kraftstasjon ved Seime bru, er vurdert, men ikkje omsøkt av tekniske, økonomiske og miljømessige grunnar.

Alternativ A1 og A2 omfattar bygging av ein låg inntaksterskel og avsiltingsbasseng ved Høylo. Vass-spegelen bak terskelen blir på ca. kote 125 - 125,5 avhengig av vassføringa i elva, noko som gjev ei brutto fallhøgde på ca. 64 m. Frå inntaket førast vatnet ned i ei sprengt sjakt og vidare i tunnel inn i fjellet. Tunnelen si lengde vert på ca. 4,1 km, mens tverrsnittet blir på 40-45 m². Nøyaktige dimensjonar vert gitt av ei teknisk/økonomisk optimalisering i detaljplanfasen.

Kraftstasjonen plasserast ca. 100 m inne i fjellet (alt. A2 inneber kraftstasjon i dagen omtrent på same stad). Kraftstasjonen vil bli utstyrt med to eller tre vertikalt stilte Francis turbinar på til saman 34 MW maksimal yting, saman med generatorar, transformator og apparat/kontrollanlegg. Mogleg kan det største aggregatet bli av kaplan type med sugerør i stål (dette vil bli nærmere avklart i detaljplanfasen). Tilkomst til kraftstasjonen vil skje gjennom en kort tunnel på ca. 250 m og med fall ca. 1:10. Avløp frå kraftstasjonen vil skje gjennom ein ca. 400 m lang avløpstunnel som ledar vatnet ut godt under overflata til Breimsvatnet (pr i dag regulert mellom kote 59,64 og kote 61,14).

Når det gjeld nettilknytinga, så har fleire alternativ vore vurdert. Ein ny 22 kV jordkabel frå kraftstasjonen i Seimestranda til Reed transformatorstasjon er omsøkt som primært alternativ, men også oppgradering av eksisterande 22 kV luftlinje langs same strekninga (ikkje omsøkt) eller påkoppling til eksisterande 132 kV linje ved hjelp av jordkabel og T-avgreining (sekundært alternativ) er utgreia. Alle detaljar rundt sistnemnde alternativ er ikkje heilt avklara, og dette vil bli gjort i samråd med SFE Nett i neste fase.

Tunnelmassane, som vil utgjere nærmere 350 000 m³, vil anten bli brukt lokalt til utbetring av jordbruksareal, vegar og liknande, eller bli deponert i eit undervassdeponi i Breimsvatnet. Aktuelle område for deponering av massar er vist i figur 1.

For å redusere effekten av tiltaket på bl.a. landskap, naturmiljø, fisk og friluftsliv legg Breim Kraft AS opp til at det slippes minstevassføring gjennom heile året. I produksjonsberekingane er det kalkulert med 6,0 m³/s i sommarhalvåret og 1,0 m³/s i vinterhalvåret. I tillegg vil restfeltet bidra med ei middelvassføring på nærmere 1,0 m³/s i sommarhalvåret og 0,3-0,4 m³/s i vinterhalvåret. Middelvassføringa ned mot utløpet i Breimsvatnet vert då på nærmere 7 m³/s i sommarhalvåret og 1,3-1,4 m³/s i vinterhalvåret. I tillegg er det svært aktuelt å bygge tersklar på dei strekningane der fallforholda tilseier at dette er mulig. Desse tiltaka ligg inne som ein del av utbyggingsplanane, og det er tatt omsyn til dei ved vurderinga av mulige konsekvensar.



Figur 1. Oversikt over vurdert utbyggingsalternativ. Alternativ B er i konsesjonssøknaden vurdert som teknisk svært vanskelig og dyrt, og er derfor ikke omsøkt.

3 GRUNNLAG OG METODE

Hovudmålet med konsekvensutgreiinga for fagtema kulturminne og kulturmiljø er å skaffe kunnskap om kulturhistoriske verdiar i plan- og influensområdet, slik at dette kan leggjast til grunn i val av alternativ. Som grunnlag for utgreiinga er det henta inn dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø. Dokumentasjonen er basert på tilgjengelege kjelder og litteratur. I tillegg er det utført ei synfaring i planområdet med omsyn på kulturminne. Det har vore kontakt med Kulturavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kulturminne og kulturmiljø er skildra ut frå verdi, omfang og konsekvens.

Arbeidet med konsekvensutgreiinga for kulturminne og kulturmiljø er utført av arkeolog Oddhild Dokset Engedal, Asplan Viak AS. Feltarbeidet vart utført den 1/7-2009 av arkeolog Kjell Arne Valvik, Asplan Viak AS. Han har også utarbeida eit kulturminnegrunnlag for gjeldande område. Planområdet er synfare med tanke på synlege automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid. I samband med feltarbeidet er det også gjort ei vurdering av potensialet for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i planområdet. Rapportskriving er utført i august/september 2010.

Det er definert 2 kulturmiljø innanfor planområdet/influensområdet. Det er utarbeida temakart for kulturminne og kulturmiljø for heile planområdet.

Analysen er gjennomført i samsvar med metodikk for vurdering av ikkje prissette konsekvensar skildra i Vegvesenets Håndbok 140. Retningslinjer i Riksantikvaren sin rettleiar (rapport nr. 31-2003) om "Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar" har vore rettleiande i vurderingane som er gjort.

3.1 Nasjonale, regionale og lokale mål og retningsliner

Formålsparagrafen (§1) i Kulturminneloven av 9. juni 1978:

"Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjons opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet".

St.meld. nr 16 (2004-2005) "Leve med kulturminner" er retningsgjevande for kulturminneforvaltninga i Noreg. Utgreiinga inneholder vurderinger og formuleringar av verdigrunnnlag, mål og strategiar for ein fornya kulturminnepolitikk. Den gir også ei rekke konkrete anbefalingar.

I Sogn og Fjordane er det utarbeida ein Fylkesdelplan for arealbruk (2000). Denne gjev retningslinjer til kommunal arealplanlegging. For tema kulturminne og kulturlandskap har planen følgjande mål:

"Sikre ei berekraftig utvikling og verne kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida og sikre kulturminne og kulturmiljø av kulturell, geografisk og tidsmessig breidde som har nasjonal, regional og lokal verdi".

Vidare er hovudmålet i Fylkesdelplan for landbruk (2002) livskraftige bygder i heile Sogn og Fjordane. Ein av strategiane der er å utvikle kulturlandskapet som ein ressurs. Tiltaka omfattar etablering av nasjonalt senter for kulturlandskap, dokumentasjon av kulturlandskapet sin verdi for reiselivet og auke kunnskapen om forvalting og skjøtsel av kulturlandskap.

3.2 Verdi

Konsekvensutgreiinga vil skildre og vurdere området sitt karaktertrekk og verdi innanfor temaet. Verdien vert fastsett langs ein trinnlaus skala som spenner frå liten til stor verdi.

Kulturminnelova gjev ein brei definisjon av kva som er kulturminne og kulturmiljø. Dette betyr ikkje at alle kulturminne eller kulturmiljø kan eller skal vernast. I forvaltninga av kulturminne vert det lagt vekt på at mangfaldet av kulturmiljø og kulturminne skal takast vare på, og at eit representativt utval skal prioriterast for vern. Det skal leggast vekt på kulturhistoriske samanhengar framfor enkeltobjekt.

Grunnlaget for å verne kulturminne og kulturmiljø er at dei har verdi som kjelder til *kunnskap*, som grunnlag for *oppleving* og som *ressurs for bruk*.

Ved vurdering av kulturminnet sin kunnskapsverdi skal representativitet, samanheng/miljø, autentisitet og fysisk tilstand vurderast. Menneska opplever kulturminne og kulturmiljø på kvar sin måte. Opplevingane heng blant anna saman med kunnskap, haldningar og tilknyting til staden. Kulturminna er med på å vise kontinuitet og endring i det fysiske miljøet og gir staden karakter.

Mange kulturminne og kulturmiljø er i daglig bruk, og har på denne måten verdi som bruksressurs i seg sjølv. I samband med friluftsliv og turisme inngår kulturminna som ein del av opplevingane, og kan såleis også ha pedagogisk verdi. Kulturminna er med andre ord ein indirekte ressurs som gir grunnlag for næringsutvikling.

Dei ulike kriteria knytt til vurderinga av kunnskaps- og opplevingsverdiar kan ofte overlappe kvarandre. Kva kriterium som det vert lagt mest vekt på, er derfor avhengig av dei aktuelle kulturminna eller kulturmiljøa. Kunnskapsverdiane vert vektlagt ved vurderingar av nasjonale interesser. Verdivurderinga er halden på eit generelt nivå. Fornminne er automatisk freda etter Kulturminnelova, og har saman med vedtaksfreda kulturminne per definisjon stor verdi.

Ei fullstendig oversikt over automatisk freda kulturminne finst ikkje. Ein reknar med at berre om lag 10 % av kulturminna er kjent. Dei øvrige er ikkje synlege eller vanskeleg synlege på markoverflata, eller ikkje registrert. Ein del av dei automatisk freda kulturminna som er registrert er innarbeida og kartfesta på økonomisk kartverk sine kartblad 1:5000. Symbolet som er nytta er ein rune (R). Så lenge kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil kunne bli fullstendig, vil ein i offentleg forvaltning og arealplanlegging vere avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet til ein kvar tid kan få fram, dersom ein skal oppfylle intensjonane og de lovpålagte oppgåvene og krav som ligg i kulturminnelova. Dersom ei planlagd utbygging kjem i konflikt med automatisk freda


kulturminne, må planen justerast/endrast eller det må søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova. Ved ein eventuell dispensasjon forutset kulturminnelova, jmf § 10, at tiltakshavar dekkjer utgiftene til nødvendige arkeologiske undersøkingar for å sikre kunnskapsverdien.

3.3 Omfang

Omfanget vurderast med utgangspunkt i kriteria jmf. Handbok 140, s 204, og vert anslått på ein trinnlaus skala frå stort positivt omfang til stort negativt omfang. Omfang er vurdering av kva endringar tiltaket vil medføre for ulike enkeltområde eller miljø. Omfang vurderast for dei same områda som er verdivurdert. Omfanget vert vurdert i forhold til 0-alternativet som er situasjonen i dag.

3.4 Konsekvensar

Konsekvensutgreiinga består av å kombinere verdien av området og omfanget av konsekvensane for å få den samla konsekvensutgreiinga. Konsekvensar er dei fordelane og ulempene eit tiltak fører med seg i forhold til 0-alternativet. Den samla konsekvensvurderinga vurderast langs ein glidande skala frå svært negativ konsekvens til svært positiv konsekvens. Grunnlaget for å vurdere verdi og konsekvens går fram av figuren under.



Konsekvensvifte, jf. Statens vegvesens håndbok 140.

4 KULTURMINNELOVA

Temaet omfattar automatisk freda kulturminne, det vil seie kulturminne frå før 1537, nyare tids kulturminne, krigsminne, samiske kulturminne, marine kulturminne, samt kulturmiljø i planområdet.

Det er henta inn informasjon om kulturminne og kulturmiljø som kan kome i konflikt med dei ulike tiltaka.

4.1 Definisjonar kulturminne og kulturmiljø

Kulturminnelova definerer **kulturminne** som "alle spor etter menneskelig aktivitet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til". Dette kan vere buplassar, graver, dyrkingslag, fangstanlegg, jernvinneanlegg, kyrkjer og kultstader, samt restar av mellomalderbyar.

Med **kulturmiljø** meiner ein område der eit eller fleire kulturminne inngår som ein del av ein større heilsak eller samanheng. Ei samla vurdering av eit område si kulturhistorie, kulturminne og tidsdjupne vil danne grunnlag for avgrensing av kulturmiljø. Omgrepet kulturmiljø famnar den samanhengen dei inngår i. Denne samanhengen er viktig for deira verdi som kulturminne. Det er ein nær samanheng mellom kulturmiljø og landskapstype.

Forvaltninga skil mellom automatisk freda kulturminne (også kalla fornminne) og etterreformatoriske kulturminne. Fornminne er kulturminne eldre enn 1537 (reformasjonen), med unntak av ståande bygningar og myntar (1650), og samiske kulturminne og kulturminne i vatn og vassdrag (*eldre enn 100 år*). *Automatisk freding gjeld sjølve kulturminnet og ei sikringssone på minst fem meter omkring det, inntil rette forvaltningsmyndigkeit har bestemt noko anna.* Etterreformatoriske kulturminne, frå tida etter 1537, kan fredast etter vedtak.

Det er Sogn og Fjordane fylkeskommune som er rette forvaltningsmyndigkeit i forhold til kulturminne (automatisk freda/etterreformatoriske) og kulturmiljø for det aktuelle planområdet. I dispensasjonssaker som gjeld kulturminnelova er Riksantikvaren rette myndigkeit.

At eit kulturminne er freda betyr at det er underlagt kulturminnelova. Det finst ulike paragrafar i lova til bruk for ulike typar kulturminne og kulturmiljø. Freding vert vedteke av staten ved Riksantikvaren og gir kulturminnet eit sterkt vern. Ved nyare fredingsvedtak vil det ligge føre detaljerte fredingsføresegner.

Influensområdet er det området som tiltaket verkar inn på, frå dei direkte konsekvensane tiltaket har i form av fysiske inngrep innanfor planområdet til indirekte konsekvensar i form av visuell påverknad. De direkte inngrepa har sjølv sagt størst konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.

5 KULTURHISTORISK UTVIKLING

For rundt 20 000 år sidan låg Vestlandet under ei tjukk iskappe. I tida etter 10 000 f.Kr trakk den store innlandsisen seg tilbake i etappar med mindre tilbakeslag. Dei tidlegaste menneska i Noreg var fangstfolk som dreiv med jakt, fiske og sanking. Det er svært truleg at desse tidlege jegerane og samlarane har utnyttat store område og stadig vore på flyttefot. Dei eldste buplassane på Vestlandet er datert til ca 8-9000 år f.kr. Desse buplassane finn ein helst heilt ute langs kysten, eller på høgfjellet. På Breim, og i området rundt, er det ikkje gjort nokre funn som skulle tilseie at det har vore aktivitet her i denne perioden.

Perioden yngre steinalder og bronsealder var ei brytingstid mellom fangst og jordbruk. Med jordbrukskulturen vart menneska meir bufaste då buskapen vart ein stabilisering faktor i hushaldninga. Dei første jordbrukskarane slo seg ned på lettdriven og sjølvdrenerande morenejord nær vatn. Mange av buplassane vart lagt til områder som enno nyttast til jordbruk. Mykje tyder på at det tidlege jordbrukskulturen var ei tilleggsnæringsveg til jakt, fangst og sanking, som fortsette å vere ein viktig næringsveg i fleire tusen år. Bondenæreringa spreidde seg i aukande tempo i sentrale låglandsområde.

I løpet av jernalderen byrja menneska for alvor å rydde seg bu, opparbeide seg tun, innmark og utmark. Då fekk dei også hevd på eige område. Ein reknar med at eigedomsretten over land i allfall går tilbake til jernalderen, for om lag 2000 år sidan. Det er imidlertid få direkte spor etter denne busetnaden i området, men monument over dei daude - gravhaugar og gravrøysar, samt gjenstandsfunn, gjev ein god indikator på kva gardar som var busett alt i jernalderen. Det er kjent ei rekke gravminne og gjenstandsfunn på Breim og det er rimelig å anta at bygda har vore busett, i alle fall, tilbake til eldre jernalder. Det er gode tilhøve for å drive jordbruk i bygda og truleg at det har vore gardsdrift her alt i bronsealderen. Utanom ein flintdolk (vanleg i yngre steinalder/eldre bronsealder) som er funnen på garden Fløtre, er det imidlertid ikkje kjende spor etter denne busetnaden.

Næringsgrunnlaget i mellomalderen var jordbruk og husdyrhald, jakt og fiske. Dei eldste gardane strakte seg vidt utover og hadde rettar i skog og fjell. Etter kvart som folketalet auka vart gardane delt i fleire bruk. På 12/1300-talet fortsette deling og nyrydding i stor stil med bondesoner og frigjevne trellar som nybyggjarar. Bøndene eigde ikkje all jorda. Stormenn, kongen eller kyrkja var store jordeigarar. Ei stor gruppe jordbrukskarar var leiglendingar.

Etter det løfterike 1200-talet ser det ut til å ha blitt en stagnasjon og nedgang alt tidleg på 1300-tallet. I 1349 kom pesten. Kor mange offer den etterlet seg veit ingen, men for heile landet døde meir enn ein tredjedel av alt folket. Ein veit at det var fleire epidemiar som herja utover på heile 1300-talet, men at det var etter Svartedauden at så mange gardar vart lagt aude. Det vart lett å leige jord då det på kort tid vart fleire gardar ledige enn leigarar. Mange forlatne bruk forfall, husa rotna, åkrane grodde til med skog og vart igjen allmenningar, andre vart lagt under nabogarden, eller tatt opp som stølsområde. Det er få spor etter busetnaden på Breim under mellomalderen, men Reed har vore kyrkjested heilt frå 1200-talet. Då stod det ei stavkyrkje her.

Utover 1500-talet byrja landet å kome seg att etter dei harde 1300-åra, og folketalet vaks stadig. Fleire av dei nedlagde gardsbruken vart tekne i bruk igjen. Med aukande folketal fylgde store gjenryddingar av øydegardar, også nydyrkning og deling av større gardar. Samtidig med at skattane steig utover i 1500- og 1600-åra, opna det seg fleire inntektsmøglegheiter ved at

det hadde oppstått nye næringsvegar. Bergverksdrift med tilhøyrande ved- og tømmerhogst kom i gong, og trelasthandel og handverksfaga utvikla seg. Sjølv om ei bygd ikkje var direkte råka, fekk det verkingar. Bøndene fekk betre moglegheiter til å selje det dei hadde til overs av produkt garden produserte, som korn, humle, smør og ost, hestar og slaktefe, huder og skinn. Handelen i byane og dei faste marknadane tok seg opp. Ny matrikkel låg ferdig i 1669, og var fram til 1836 grunnlag for utrekning av skattar og fordeling av alle slag i tillegg til å vere eit register over jordeigendomar. Kongen forbaud dei nye jordeigarane å auke landskyld og bygselavgifter. Jordeigarane fant det derfor meir lønnsamt å sette pengar i sagbruk, skipsfart og handel, og selde derfor eigedomane sine til leiglendingane. På 1700-talet vart derfor dei fleste bøndene i bygdene sjølveigarar, og gardar som tilhørte kyrkjene og offentlige institusjonar vart færre.

Jordbruket haldt stand i det gamle sporet fram til 1850 då betre driftsmetodar og nye reiskap reformerte drifta. Det vestlandske jordbruket hadde hovudvekt på husdyrhald med kjøt- og mjølkeproduksjon. Tidleg på 1800-talet finn vi derfor ei rekke meieri rundt om i bygdene. Maskinjordbruket tok til i 1870-åra. Jordbruket var blitt eit handelsjordbruk. Byane sin vekst med større industri og nye arbeidsplassar gjorde at marknaden for landbruksproduksjonen auka. De store omveltingane i landbruket verka inn på livet i bygdene. Folk hadde pengar, mange ting måtte kjøpast, og landhandlarane grodde opp.

"Den trondhjemske postvei" vaks fram frå 1780-åra. Frå Sunnfjord til Nordfjord gjekk ruta frå Vassenden i Jølster til Breimsvatnet via Ålhus og Skei. Deretter til Reed og over Utvikfjellet til Utvik og vidare nordover. Reed var bygdesenter og det vart etterkvart opna gjestgjevarstad, landhandel og postopneri. Kyrkja var då, som i dag, lokalisert på Reed. Reed var også kyrkjestad i mellomalderen. Ein Kjenner til i alt 4 kyrkjer, den første vart bygd på 1200-talet og den noverande kyrkja vart bygd i 1886.

På slutten av 1800-talet, kom vegen frå Sunnfjord gjennom Våtedalen og vidare til Byrkjelo. Vegen over Utvikfjellet gjekk no frå Byrkjelo og Reed som bygdesenter fekk ei utfording. På slutten av 1800-tallet vart Breim ein eigen kommune, skilt ut frå Gloppen kommune. Frå 1964 vart Breim igjen under Gloppen kommune.

6 KULTURMILJØ OG VERDIVURDERING

6.1 Kulturmiljø 1


Kulturmiljøet famnar om fleire gardar i bygda Breim (Fløtre, Flølo, Jordanger, Reed, Seim, Råd, Bø og Høylo) og bygdesenteret Reed. Gardstuna er plassert på rekke og rad langs Storelva. Storparten av gardstuna har SEFRAK registrerte bygningar ståande og i fornminnedatabasen Askeladden ser ein at fleire gardar har automatisk freda kulturminne. I tillegg er det gjort mange gjenstandsfunn og det er opplysningar som tyder på at det har vore langt fleire gravminne i kulturmiljøet enn dei som er registrert i Askeladden. På Reed, nede ved Breimsvatnet, er det eit verdifullt og autentisk naustmiljø og kyrkja er lokalisert her. I det følgjande vil registrerte opplysningar bli presentert.



Gravhaugane ligg spreidde i kulturlandskapet på Bø gnr. 113. Bilete er teke frå gravhaugen på Kvietrommen (Id 55562).

Automatisk freda kulturminne

I fornminnedenasbasen Askeladden er følgjande lokaliteter registrert:



ID-nr	Kat	Art	Navn	Kommune	Vernestatus
55563	•	R	Gravminne	Fetts fk.nr. 7 Krokjen	Gloppen Automatisk fredet
16174	•	R	Gravminne	Fetts fk.nr.1/2	Gloppen Automatisk fredet
45846	•	R	Gravminne	Fetts fk.nr. 6/2 Høghøgjen	Gloppen Automatisk fredet
35779	•	R	Gravfelt	Fetts fk.nr. 3 Kvennhushøgjen	Gloppen Automatisk fredet
55562	•	R	Gravminne	Fetts fk. nr. 5/1 Kvietrommen	Gloppen Automatisk fredet
25875	•	R	Gravminne	Fetts fk.nr. 6/1 Høghøgjen	Gloppen Automatisk fredet
64112	•	R	Gravminne	Fetts fk.nr. 4	Gloppen Automatisk fredet
83947	•	A	Kirkested	Breim kyrkjested	Gloppen Listeført objekt
35787	•	R	Gravminne	Nyreg.	Gloppen Automatisk fredet
45847	•	R	Gravminne	Nyreg.	Gloppen Automatisk fredet

Fornminnedatabasen Askeladden - oversyn over registrerte lokalitetar med automatisk freda kulturminne i området.

Dei einskilde lokalitetane blir vidare presentert i skjemaform med detaljkart der Askeladden ID-nr går fram av kartet.

Lokalitet - 83947 - Kirkested - Breim kyrkjested

▼Klassifisering <p>Kategori: Kirkested Art: Kirkested</p> <p>Undergruppe (oppf.funk):</p> <p>Hovedgruppe:</p>				▼Tilhørende enkeltminner <p>83947 Kirkested</p> <ul style="list-style-type: none"> - A 1 Fjernet kirkebygg UAV - A 2 Fjernet kirkebygg IKKE - A 3 Fjernet kirkebygg IKKE - A 4 Kirke LIST 	
▼Stedfestning <p>Fylke: Sogn og Fjordane Kommune: Gloppen</p> <p>Topografisk nummer: 307 Topografisk navn: Breim</p> <p>Museumsdistrikt: Bergen Museum</p>				▼Sammendrag lokalitet <ul style="list-style-type: none"> • Synlig over markoverflaten <p>Vernestatus: Listeført objekt Lovgrunnlag: Kirkerundskrivet T-3/2000</p>	
▼Eiendomsopplysninger <p>Kommune: Gloppen Festenr: 0</p> <p>Gnr: 100 Seksjonsnr: 0</p> <p>Bnr: 37 Bruksnavn: KIRKEGAARD</p>					
<p>► Geometri</p> <p>► Oppretting og ansvar</p> <p>▼Utfyllende opplysninger</p>					

Lokalitet - 35787 - Arkeologisk lokalitet - Nyreg.			
Klassifisering		Tilhørende enkeltminner	
Kategori:	Arkeologisk lokalitet	Art:	Gravminne
Stedfesting			
Fylke:	Sogn og Fjordane	ØK-kart:	AR087-5-1
Kommune:	Gloppen		
Gårdsnavn:	Råd		
Museumsdistrikt:	Bergen Museum		
Eiendomsopplysninger			
Kommune:	Gloppen	Registreringstype:	Økonomisk kartverk
Gnr:	114	Vernestatus:	Automatisk fredet
Bnr:	2	Lovgrunnlag:	Kulturminneloven av 1978
Geometri			
Oppretting og ansvar			
Utfyllende opplysninger			
Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.			
Beskrivelse: Avlang haug, godt markert. Haugen har graskledt torvdekke med enkelte stein synlige. På toppen flere store einerbusker. I SØ tatt vakk torv. Haugen er 6 m lang, 4,5 m bred og 3/4 m høy.			
Terrengbeskrivelse: Gravhaugen ligger ca. 100 m NØ for våningshusets NØ-hjørne, ca. 50 m SØ for høgspentsmast på en innmark som heller mot NV. Utsikt i V mot Breimsvatnet.			

Lokalitet - 16174 - Arkeologisk lokalitet - Fetts fk.nr.1/2			
Klassifisering		Tilhørende enkeltminner	
Kategori:	Arkeologisk lokalitet	Art:	Gravminne
Stedfesting			
Fylke:	Sogn og Fjordane	ØK-kart:	AR087-5-1
Kommune:	Gloppen		
Gårdsnavn:	Fjølo		
Museumsdistrikt:	Bergen Museum		
Eiendomsopplysninger			
Geometri			
Oppretting og ansvar			
Utfyllende opplysninger			
Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.			
Beskrivelse: Rundhaug, ukjart markert. Haugen dekket av graskledd torv. I nordaustre del av haugen står ei høgspentmast. Diameter: ca. 15 m, høyde: ca. 1,5 m.			
Terrengbeskrivelse: Gravhaugen ligg 70 m NV for NV-hjørnet til løa på garden, 80 m N for hovedvegen Sandane - Byrkjelo. Haugen ligg i innmark med skrånende terreng mot elva. I N stigende terreng med hovudsakeleg lauvskog.			

Lokalitet - 45847 - Arkeologisk lokalitet - Nyreg.			
Klassifisering		Tilhørende enkeltminner	
Kategori:	Arkeologisk lokalitet	Art:	Gravminne
Stedfesting			
Fylke:	Sogn og Fjordane	ØK-kart:	AR087-5-1
Kommune:	Gloppen		
Gårdsnavn:	Fjølo		
Museumsdistrikt:	Bergen Museum		
Eiendomsopplysninger			
Geometri			
Oppretting og ansvar			
Utfyllende opplysninger			
Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.			
Beskrivelse: Rund gravhaug, ukjart markering. Dekka av dyrka mark og går i ett med terrenget omkring. Iflg. eier er 30 cm tjukt jordlag og steinsetting på toppen av haugen tatt vakk. Diameter: ca. 16 m, høyde: ca. 1 m.			
Terrengbeskrivelse: Gravhaugen ligg 140 m VNV for løa på gården, 20 m N for riksvegen Sandane - Byrkjelo. Haugen ligg i innmark i skrånende terreng mot elva. I N kupert terreng med lauv og barskog.			

Lokalitet - 55563 - Arkeologisk lokalitet - Fetts fk.nr. 7 Krokjen					
Klassifisering		Tilhørende enkeltminner			
Kategori: Arkeologisk lokalitet Art: Gravminne		R 55563 Gravminne └ R 1 Gravrøys AUT			
Stedfesting		Sammendrag lokalitet			
Fylke: Sogn og Fjordane ØK-kart: AR087-5-1 Kommune: Gloppen Gårdsnavn: Bø Museumsdistrikt: Bergen Museum		<ul style="list-style-type: none"> • Synlig over markoverflaten Registreringstype: Økonomisk kartverk			
Eiendomsopplysninger		Vernestatus: Automatisk fredet Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978			
Geometri					
Opprettig og ansvar					
Utfyllende opplysninger					
Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.					
Beskrivelse: Rundrøys, ukjart markert. Røysa er dekket av et torvdekke med stein synlig i overflaten. Bevokst med lyng, mose, bjørketrær og en del grantrær. Bygd opp av 0,5 m stor stein . I midten av røysa en nedsenking, 1 m dyp. Høyde: 1,75 m, diameter: 10 m.					
Terrengbeskrivelse: Gravrøysa ligger i N-hellende utmark, 25 m V for N-gående bekk langs gården V-jorde og 15 m N for gjerdet (Ø-V) mellom 113/5 og 114/5. Området er bevokst med lyng, mose, gran og enkelte bjørketrær og her ligger store stein i overflaten.					

Lokalitet - 35779 - Arkeologisk lokalitet - Fetts fk.nr. 3 Kvennhushøgjen					
Klassifisering		Tilhørende enkeltminner			
Kategori: Arkeologisk lokalitet Art: Gravfelt		R 35779 Gravfelt └ R 1 Gravhaug AUT └ R 2 Gravhaug AUT			
Stedfesting		Sammendrag lokalitet			
Fylke: Sogn og Fjordane ØK-kart: AR087-5-1 Kommune: Gloppen Gårdsnavn: Bø Museumsdistrikt: Bergen Museum		<ul style="list-style-type: none"> • Synlig over markoverflaten Registreringstype: Økonomisk kartverk			
Eiendomsopplysninger		Vernestatus: Automatisk fredet Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978			
Geometri					
Opprettig og ansvar					
Utfyllende opplysninger					
Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.					
Beskrivelse: Samlinga har ei utstrekning på 45 x 10 m, orientert NNO-SSV. Lengst mot N ligg :1) Rund gravhaug, ukjart markert. Torvdekt og graskledd med kratt og lauvtre. Nokre få synlege stein på toppen. Torva fjerna i V-del. Diameter: 10 m, høyde: 1,5 m. 25 m SSO for 1:2) Langhaug, ukjart markert. Kledd med torv, gras og kratt. Torva er fjerna i ei 1/2 m brei renne som deler haugen i to. Storleik: 10 x 5 m, orientert NNV-SSO.					
Terrengbeskrivelse: Samlinga ligg ute på den skarpe grusryggen Kvennhushøgjen, 150 m NNO for NO-hjørnet på løa på bruket, 135 m NNV for NV-hjørnet på løa på br. nr. 4. Her er tilvaks med tett kratt og lauvtre. God utsikt i S, N og V.					

Lokalitet - 64112 - Arkeologisk lokalitet - Fetts fk.nr. 4					
Klassifisering		Tilhørende enkeltminner			
Kategori: Arkeologisk lokalitet Art: Gravminne		R 64112 Gravminne └ R 1 Gravhaug AUT			
Stedfesting		Sammendrag lokalitet			
Fylke: Sogn og Fjordane ØK-kart: AR087-5-1 Kommune: Gloppen Gårdsnavn: Bø Museumsdistrikt: Bergen Museum		<ul style="list-style-type: none"> • Synlig over markoverflaten Registreringstype: Økonomisk kartverk			
Eiendomsopplysninger		Vernestatus: Automatisk fredet Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978			
Geometri					
Opprettig og ansvar					
Utfyllende opplysninger					
Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.					
Beskrivelse: Rundhaug. Ukjart markert. Gras- og lyngvakse torvdekke med bjerk og osp. Tydeleg sokk i toppen. Diameter: 6 m, høyde: 1/2 m.					
Terrengbeskrivelse: Gravhaugen ligg på ein høg grusrygg med tett ospe- og bjørkeskog, 20 m S for grensa mot br.nr. 4. .					

Lokalitet - 55562 - Arkeologisk lokalitet - Fetts fk. nr. 5/1 Kvietrommen																							
▼Klassifisering		▼Tilhørende enkeltminner																					
Kategori:	Arkeologisk lokalitet	Art:	Gravminne																				
▼Stedfesting		R 55562 Gravminne																					
Fylke:	Sogn og Fjordane	ØK-kart:	AR087-5-1																				
Kommune:	Gloppen		└ R 1 Gravhaug AUT																				
Gårdsnavn:	Bø																						
Museumsdistrikt:	Bergen Museum																						
► Eiendomsopplysninger		▼Sammendrag lokalitet																					
► Geometri		• Synlig over markoverflaten		► Oppretting og ansvar		Registreringstype: Økonomisk kartverk		▼Utfyllende opplysninger		Vernestatus:	Automatisk fredet	Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.		Lovgrunnlag:	Kulturminneloven av 1978	Beskrivelse: Rundhaug utan klar markering. Dekka med graskledd torv, rognetre og bjørkekrott. Tydeleg sokk i toppen. Diameter: 10 m, høyde: 0,5 m.				Terregngbeskrivelse: Haugen ligg framme på ein terrassekant 300 m for NV-hjørnet på våningshuset på bruket, 210 m O for våningshuset på br.nr. 4. Her er tilvaks med bjørker og orrekrott. God utsikt i V mot Breimsvatnet.			
• Synlig over markoverflaten																							
► Oppretting og ansvar		Registreringstype: Økonomisk kartverk																					
▼Utfyllende opplysninger		Vernestatus:	Automatisk fredet																				
Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.		Lovgrunnlag:	Kulturminneloven av 1978																				
Beskrivelse: Rundhaug utan klar markering. Dekka med graskledd torv, rognetre og bjørkekrott. Tydeleg sokk i toppen. Diameter: 10 m, høyde: 0,5 m.																							
Terregngbeskrivelse: Haugen ligg framme på ein terrassekant 300 m for NV-hjørnet på våningshuset på bruket, 210 m O for våningshuset på br.nr. 4. Her er tilvaks med bjørker og orrekrott. God utsikt i V mot Breimsvatnet.																							

Lokalitet - 25875 - Arkeologisk lokalitet - Fetts fk.nr. 6/1 Høghøgjen																							
▼Klassifisering		▼Tilhørende enkeltminner																					
Kategori:	Arkeologisk lokalitet	Art:	Gravminne																				
▼Stedfesting		R 25875 Gravminne																					
Fylke:	Sogn og Fjordane	ØK-kart:	AR087-5-1																				
Kommune:	Gloppen		└ R 1 Gravhaug AUT																				
Gårdsnavn:	Bø																						
Museumsdistrikt:	Bergen Museum																						
► Eiendomsopplysninger		▼Sammendrag lokalitet																					
► Geometri		• Synlig over markoverflaten		► Oppretting og ansvar		Registreringstype: Økonomisk kartverk		▼Utfyllende opplysninger		Vernestatus:	Automatisk fredet	Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.		Lovgrunnlag:	Kulturminneloven av 1978	Beskrivelse: Langhaug, ukjart markert. Bevokst med gress og et par bjerketrær. I midten av haugen et 0,5 m dyp sokk. Lengde: 12 m N-S, bredde: 5 m Ø-V, høyde: 1 m.				Terregngbeskrivelse: Gravhaugen ligger på V-siden av den store, flate kollen Høghøgjen, 70 m V for et trigonometrisk punkt, 120 m NØ for NØ-hjørnet på våningshuset på br.nr. 2. Her er innmark med klynger med lauvskog. God utsikt i V mot Breimsvatnet.			
• Synlig over markoverflaten																							
► Oppretting og ansvar		Registreringstype: Økonomisk kartverk																					
▼Utfyllende opplysninger		Vernestatus:	Automatisk fredet																				
Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.		Lovgrunnlag:	Kulturminneloven av 1978																				
Beskrivelse: Langhaug, ukjart markert. Bevokst med gress og et par bjerketrær. I midten av haugen et 0,5 m dyp sokk. Lengde: 12 m N-S, bredde: 5 m Ø-V, høyde: 1 m.																							
Terregngbeskrivelse: Gravhaugen ligger på V-siden av den store, flate kollen Høghøgjen, 70 m V for et trigonometrisk punkt, 120 m NØ for NØ-hjørnet på våningshuset på br.nr. 2. Her er innmark med klynger med lauvskog. God utsikt i V mot Breimsvatnet.																							

Lokalitet - 45846 - Arkeologisk lokalitet - Fetts fk.nr. 6/2 Høghøgjen																							
▼Klassifisering		▼Tilhørende enkeltminner																					
Kategori:	Arkeologisk lokalitet	Art:	Gravminne																				
▼Stedfesting		R 45846 Gravminne																					
Fylke:	Sogn og Fjordane	ØK-kart:	AR087-5-1																				
Kommune:	Gloppen		└ R 1 Gravhaug AUT																				
Gårdsnavn:	Bø																						
Museumsdistrikt:	Bergen Museum																						
► Eiendomsopplysninger		▼Sammendrag lokalitet																					
► Geometri		• Synlig over markoverflaten		► Oppretting og ansvar		Registreringstype: Økonomisk kartverk		▼Utfyllende opplysninger		Vernestatus:	Automatisk fredet	Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.		Lovgrunnlag:	Kulturminneloven av 1978	Beskrivelse: Rundhaug, bra markert. Grasdekket med lauvkrott og enkelte bartre i ytterkantene. Markert nedsenking i sentrum. Diameter: 12 m, høyde: 1 m.				Terregngbeskrivelse: Gravhaugen ligger 200 m NØ for tunet på br.nr. 2, 65 m SSØ for et trigonometrisk punkt, på en stor flat kolle med innmark.. Her er klynger med lauv- og bærskog. God utsikt i V mot Breimsvatnet.			
• Synlig over markoverflaten																							
► Oppretting og ansvar		Registreringstype: Økonomisk kartverk																					
▼Utfyllende opplysninger		Vernestatus:	Automatisk fredet																				
Kilder (litteratur m.m.): Per Fett 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Gloppen prestegjeld.		Lovgrunnlag:	Kulturminneloven av 1978																				
Beskrivelse: Rundhaug, bra markert. Grasdekket med lauvkrott og enkelte bartre i ytterkantene. Markert nedsenking i sentrum. Diameter: 12 m, høyde: 1 m.																							
Terregngbeskrivelse: Gravhaugen ligger 200 m NØ for tunet på br.nr. 2, 65 m SSØ for et trigonometrisk punkt, på en stor flat kolle med innmark.. Her er klynger med lauv- og bærskog. God utsikt i V mot Breimsvatnet.																							

Dei automatisk freda kulturminna som er registrert i kulturminnedenasbasen Askeladden er hovudsakleg gravminne knytt til gardsbusetnaden i området i eldre og yngre jernalder. I tillegg er kyrkjestaden frå mellomalder registrert.

Ser vi på eldre arkivopplysingar går det fram at omfanget av tidlegare kjende kulturminne i området har vore meir omfattande enn det som går fram av dei registreringane som ligg inne i Askeladden. Fleire av dei tidlegare kjende automatisk freda kulturminna i området er fjerna/frigjevne i samband med dyrkingsarbeid på 60- og 70-talet. Dette gjeld i særleg grad på garden Bø gnr. 113.

Ein gjennomgang av topografisk arkiv ved Bergen Museum syner at det har vore utført arkeologiske utgravingar i samband med bygging av fellesfjøs og masseuttak på Bø i 1979. Fleire av gravhaugane som er markert som automatisk freda kulturminne i Askeladden er difor utgrevne. Dette gjeld mellom anna Askeladden id 35779 (Kvennhushøgjen). I tillegg til gravminna vart 6 kolgroper også undersøkte ved den arkeologiske utgravinga på Bø i 1979.



Til venstre: Gravhaug på Høghøgjen, Bø gnr. 113. Askeladden Id 45846. Til høgre: Gravhaug på Kvietrommen på Bø gnr 113 (Id 55562).

I tilvekstane for Bergen Museum er følgjande opplysningar registrert om dei aktuelle gardane:

	<p>Bergen Museum - Førhistoriske minne på Vestlandet</p>	
<p>Re, gnr. 100.</p>	<p>Ingen.</p>	
<p>Flølo, gnr. 102.</p>	<p>Funnkartet nr. 1. Rasmus O. Flølo, bnr. 3. 1. "Kjeldemyrhøgjen" ligg halvhundre meter V for stova, 25 m ovanfor riksvegen. Dette er ein stor naturleg kolle, på toppen var ein haug bygd opp kring ein svær stein som ikkje var jordfast. Mot steinen var eit rom bygt av heller på to sider. Inne i rommet låg B 6697, B 7725 og nokre bortkomne saker. På utsida låg beingrind av ein hest med ryggen mot hellene og beina rett ut. 2. Haug ligg høgare oppe, 100 m N for 1, no overdyrka. Han er om lag 15 m i tvm., men går i eitt med kollen han ligg på, 1,5 m høg, med ei grøft i sadlen ovanfor. Det var eit søkk i toppen før dyrkinga. Funnkartet nr. 2. Rasmus O. Flølo, bnr. 3.</p>	

Grav låg under flat mark V for tunet, 20 m opp frå riksvegen. B 11622 kom opp med plogen i eit felt på 5 x 5 m. Der var lite kol. Matjordlaget er sers tynnt.

B 6697, B 7725 - To ovale spenner frå fk. nr. 1/1. Saman med desse var også jarnkjet, vevskei og klinknaglar. Tilv. i Oldt. V (1915) og B. M. Årbok 1926.

B 11622 - Mer. ubrend mannsgrav frå fk. nr. 2: Ein egg sverd, spjut, øks, pil, skjold, beisel, ljå, hakke, navar, skavjarn, jarnkjet, skrin o.a. Tilv. i HMT 1962 -1966.

Fløtra, gnr. 103.

Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 9439.

NB. Det er nemnt ein liten haug med B 5486.

B 5486 - Yja. mannsgrav. Sjå NB. Her er øks og bryne. Tilv i B. M. Årbok 1904.

B 9439 - Flintdolk f. på bnr. 12, Karl J. Fløtre. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i B. M. Årbok 1943.

Høylo, gnr. 112.

Ingen.

Bø, gnr. 113.

Funnkartet nr. 1. Bjarne Bø bnr.1.

1. Haug ligg no innbygd i låvebrua, utgraven 1913 (Haakon Shetelig). Han var 8 m i tvm., 2 m høg, men berre ein halvmeter kunstig høgd på ein naturleg kul. Der var store steinar i. Grav 1 låg halvannan meter NNO for midten, var bygd av små reiste heller 1,5 m NV - SO, breiast i NV. I grava var B 6689 I, med leirkrukke og trespann i sørøstre del. kniv og belte i midten med spenner 20 cm mot NV. Grav 2 er noko tvilsam: B 6689 II låg ein halvmeter N for nordvestre ende på kista, men kan høyre til gravgodset der.

2. Haug låg på Nystovbakken 25 m N for 1, 15 m NO for stova no. Han var 17 m i tvm.

Bilete: Aaland 1935 s. 576 (ved flaggstonga). Her er funne leirkrukke, vevskei?, tann av hingst? Sjå B 3064-B 3081.

3. Grav innsett i ein grushaug, Resebakken, 75 m N for 2, ettergraven 1944 (Thorleif Sjøvold). Grava låg på aur under 60-70 cm mold. Der var ein båt O - V med store steinar i, serleg ved stamnane, og B 9501.

Funnkartet nr.2. Hans Bø bnr.6.

"Bjørkehøgen" ligg no som ei liten rest 150 m SO for stova, tett N for gardsvegen og like O for ei lita elv. Han var ein gruskolle på eit terrassenes, ettergraven 1913 (Haakon Shetelig). Å døme etter foto har han vore 6-8 m i tvm. Midt på austre skrånning 2,70 m O for midten var ei grop i auren, der låg jarnkjet med kol og brende bein i, bålmore rundt og ei helle over. B 6618 og B 6688.

Funnkartet nr. 3. Jakob Moldestad bnr.7.

1. Haug ligg langt ute på den skarpe grusryggen Kvennhushøgjen som går mot NNV. Her er 200 m NNO for tunet, 300 m V for fk. nr. 5. Haugen er 10 m i tvm., 1 m høg, bygd av Stein med torv på. Der er eit sår i venstre side.

2. Langhaug ligg 25 m SSO for 1 langs øvste ryggen. Han er 10 X 5 m, med eit smalt, langt sår inn frå V om lag på midten.

Funnkartet nr.4. Torbjørn Bø bnr.2.

Haug ligg i tett ospeskog øvst på ein høg, kvass grusrygg 250 m N for husa til Arne Bø, litt O for bytet mot bnr. 7. Han er 8 m i tvm., 0,75 m høg, noko nedskanken i toppen.

Funnkartet nr. 5. Torbjørn Bø bnr. 2.

1. Haug ligg på Kvietrommen, på ein terrassekant mot V 300 m N for tunet. Han er 10 m i tvm., 0,5 m høg, tilgrodd med lyngtorv. Der er eit lite søkk i toppen.

2. Haug låg kant i kant mot S. 5 m i tvm., 0,5 m høg. Litt skamfert i vestre side.

Funnkartet nr. 6. Jakob Moldestad, Dagmund Moldestad. bnr.7, bnr16.

1. Haug låg lyngkledd i lauvskog på Høghøgjen 200 m OSO for tunet på bnr. 2. Han var 11 m i tvm., 1 m høg. Der sto og nokre småbjørker på. Øydelagd i 1961.

2. Haug ligg i lauvskog på eit høgare nivå 50 m NO for 1. Han er 13 m i tvm., 1,5 m høg, tilgrodd med lyng og bjørk. Der er eit større søkk i toppen.

Funnkartet nr. 7. Olav Seime bnr. 5.

Haug låg i Krokjen, eit beite 400 m VSV for tunet. Her er skrinn skog, men granplanting på og ved haugen. Han ligg 100 m frå gardsvegen. 20 m V for ein bekk. Han er 10 m i tvm., 1,5 m høg, men

ikkje alt er kunstig. Stort søkk i toppen. Ettergraven 1961 (Per Jahn Lavik). Han var bygd av jord og stein under torv. Nedgrave 20-25 cm var eit brannflak 1,60 m O-V, utanfor haugkanten i S. Her låg under ei helle 40 x 20 cm B 11479: øks, spjut, sverd, beisel. 40 cm lengre S låg resten av funnet. Funnkartet nr. 8. Olav Seime bnr. 5
Grav i Ytstelandhola, halvhundre meter NV for stova. Nøye veit ein ikkje plassen. Der fanst B 3064-B 3081.

B 3064-B 3081 - Vik. brend mannsgrav i båt frå fk. nr. 8. Her er sverd, spjut, to øksar, skjold, kniv, to beisel, tverrøks to smitenger, fil, skav, sigd, ljå, skålvekt. Bortkomne er vektlodd, gryte, saumlo, båtsaum o. a. Tilv. i Ab. 1875.

B 6618, B 6688 - Vik. brend mannsgrav frå fk. nr. 2. Her er sverd, øks, 30 piler, skjold, to beisel, reimspenne, ljå, tre sigdar, saks, to knivar, to smitenger, jarnklype, smisté, to hamrar, saumlo, tre filar, meisel, skav, celt, høvl, to skrubor, navar, jarnskei, eldfot, jarnkjem, kjerding, leirkrukke, skrin med nøklar, langkam av bein, 15 spelbrikker, fleire skiferbryne, kvartsbryne o. a. Bilete: tilv. fig. 16.

Grieg 1922 fig. 4, 29, 32. Ohlhaver 1939 fig. 18:1, Taf. 39:1

Petersen 1951 fig. 56, 58, 70, 95. Almgren 1955 fig. 74-77. Magnus 1978 fig. 66. Kellmer 1978 fig. s. 6, 12, 14. Tilv. i B. M. Årbok 1913 Oldt. III og Oldt. V (1915).

B 6689 I - Eja. ubrend kvinnegrav frå fk. nr. 1/1 grav 1. Her er to bronse spenner, kniv, beltering, leirkrukke, trespann o. a. Tilv. i Oldt. V (1915).

B 6689 II - Yja? grav? frå fk. nr 1/1 (grav 2?). Her er steikepanne?, jarnring o. a. Tilv. i Oldt. V (1915).

B 9501 - Vik. kvinne- og mannsgrav i båt frå fk. nr. 1/3. Her er to ovale spenner, glasperler, vevskei, to snellehjul, saks, to ullkammer kljåsteinar, sverd, øks, piler, tverrøks, sigd, ljå, bryne, steikepanne, selety, båtnaglar, ty.

Bilete: Slomann 1952 fig. 5-6. Kellmer 1978 fig. s. 6, 14. Tilv i B. M. Årbok 1944.

B 11305 - Glasperler f. i Resegjerdet O for fk. nr. 1/3. Tilv. i U. B Årbok 1959.

B 11479 - Vik. brend mannsgrav frå fk.nr. 7: sverd, spjut, øks, skjold, kniv, sigd, beisel, skiferbryne, to flintar, brende bein. Tilv. i HMT 1961-1965.

Tapt - Skor av spannforma leirkrukke frå fk. nr. 1 /2.

Råd, gnr. 114.

Funnkartet nr. 1. Funnstad for tapt funn.

Funnkartet nr. 2. Bjarne Kandal, bnr. 2.

Haug ligg i dyrkingsfelt 100 m NO for husa, 6 m i tvm, 0,75 m høg. Torvgrodd stein.

Tapt - "Sølvspenne og knapper" skal vere f. i ein haug. Det er K. Lorange som først melder dette, han skriv tydeleg Raad. Nicolaysen har lese Reed, og andre etter han har tatt funnet med under Re, gnr. 23.

Seime, gnr. 115.


Funnkartet nr. 1. Peder M. Seime, bnr.2.

Røys låg nordst på flat nede ved vatnet. Ho var 5-6 m i tvm. I same stykket vart seinare funne B 11303.

B 11303 - Treflika spenne frå fk. nr. 1. Tilv. i U. B. Årbok 1959.

Som vi ser av arkivopplysingane har det tidlegare lege langt fleire automatisk freda kulturminne på dei aktuelle gardane enn dei som ligg att i landskapet i dag. Gjenstandsmaterialet (hovudsakleg frå gravfunn) er rikt og variert på desse gardane, og viser at det har vore gardsbusetnad i alle fall attende til eldre jernalder (500 f.Kr.) i det aktuelle området. På garden Bø ser det ut til å ha vore fleire gravfelt i jernalderen. Andre enkeltfunn/gjenstandar tydar på aktivitet/busetnad attende til yngre steinalder/eldre bronsealder (ca 3800 f. Kr.).

Alt i mellomalderen var Reed kyrkjested. Den første kyrkja vart bygd på 1200-talet og stod fram til ein brann herja prestegarden i 1334. Denne kyrkja er nemnd første gong i skriftlege kjeder i 1308 og var truleg ei stavkyrkje. Nøyaktig kvar kyrkja stod, veit ein ikkje. Etter brannen reknar ein med at det vart bygd ei ny kyrkje på Reed på slutten av 1300-talet, også denne mest truleg ei stavkyrkje. Ho vart erstatta av ei korskyrkje i 1620, men denne var därleg bygd og vart erstatta av ei ny kyrkje i 1667. Denne kyrkja skal ha vore fint dekorert innvendig. Då den vart riven for å verte erstatta av noverande kyrkje, vart mykje av materialane nytta til kommunehuset for Breim kommune på Reed. Dette bygget står framleis (Sefrak id nr 14450202012).



Det gamle naustmiljøet på Reed i 1870-åra. Kyrkja i bakgrunnen er den som stod før den vart erstatta av dagens kyrkje (fotoqraf: Knud Knudsen, henta fra <http://www.fylkesarkiv.no/>).

Den noverande kyrkja på Reed vart bygd i 1886. Det var arkitekt H. Thorsen som teikna bygget. Altertavla er frå same året, den er måla av Christi Bø og er kopi av eit Adolph Tidemand-motiv. Preikestolen og døypefonten er også frå 1886. Det er fleire element frå 1600-talet i kyrkja, ei katekismetavle frå 1615, ein brurebenk frå 1600-talet og kalk og disk til nattverdstenesta frå 1621.



Breim kyrkje, fotograf: Ottar Starheim (henta i frå Sogn og Fjordane fylkesleksikon, http://nrk.no/sf/leksikon/index.php/Breim_kyrkje).

Nyare tids kulturminne

SEFRAK-registeret (hovudsakleg bygningar eldre enn 1900) syner fleire registrerte kulturminne frå nyare tid i det aktuelle planområdet. Dei SEFRAK-registrerte kulturminna i planområdet syner i hovudsak eldre bygningar og ruinar knytt til jordbruksbusetnaden i området på 1600, 1700 og 1800-talet. Riving eller vesentleg endring av SEFRAK-registererte bygningar markert med raud trekant (ikkje freda bygningar eller anlegg oppført før 1850) er meldepliktig til den regionale kulturminneforvaltninga jf. kulturminnelova § 25. Bygningar frå tida mellom 1537 og 1650 er automatisk freda.

S nr	SEFRAK ID	GARD	KULTURMINNE	DATERING	KATEGORI
S 1	14450205193	Fløtre	Ruin etter truskehus	1800-talet, 3.kvartal	▲
	14450205196	Fløtre	Ruin etter truskehus for mais	1800-talet	▲
	14450205197	Fløtre	Ruin etter truskehus	1800-talet	▲
	14450205198	Fløtre	Ruin etter kvernhus	1800-talet	▲
	14450205199	Fløtre	Ruin etter kvernhus	1800-talet	▲
	14450205200	Fløtre	Ruin etter kvernhus	1800-talet	▲
	14450205202	Fløtre	Tuft etter bustadhus	1800-talet	▲
	14450205203	Fløtre	Tuft etter stabbur	1800-talet	▲
	14450205204	Fløtre	Ruin etter stove	1800-talet	▲
	14450205205	Fløtre	Ruin etter løe med sauefjøs	1800-talet	▲
	14450205206	Fløtre	Ruin etter skykkje	1800-talet	▲
	14450205207	Fløtre	Ruin etter masstove	1800-talet	▲
	14450205208	Fløtre	Ruin etter bustadhus	1800-talet	▲
	14450205209	Fløtre	Tuft etter stabbur	1800-talet	▲
	14450205210	Fløtre	Ruin etter nystove	1800-talet	▲

	14450205211	Fløtre	Ruin etter kyrafjøs	1800-talet	▲
	14450205212	Fløtre	Ruin etter stabbur	1800-talet	▲
	14450205213	Fløtre	Ruin etter kyrafjøs	1800-talet	▲
	14450205214	Fløtre	Tuft etter bygning	1800-talet	▲
	14450205215	Fløtre	Tuft etter fjøs	1800-talet	▲
	14450205216	Fløtre	Ruin etter driftsbygning	1800-talet	▲
	14450205195	Fløtre	Ruin etter kvernhus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450205192	Fløtre	Stabbur	1800-talet	▲
	14450205194	Fløtre	Smie	1800-talet	▲
S2	14450205191	Fløtre	Bustadhus	1800-talet	▲
S 3	14450202029	Flølo, "Prestegarden"	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202030	Flølo, "Prestegarden"	Stabbur	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202031	Flølo, "Prestegarden"	Borstove	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202014	Flølo	Driftsbygning	1800-talet	▲
	14450202001	Flølo	Driftsbygning	1800-talet, 2.kvartal	▲
	14450202002	Flølo	Stove	1800-talet	▲
	14450202003	Flølo	Nystove	1800-talet	▲
	14450202004	Flølo	Stabbur	1800-talet	▲
S 4	14450202006	Jordanger	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202007	Jordanger	Skykkje	1800-talet	▲
S 5	14450202028	Reed	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202025	Reed	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202026	Reed	Stabbur	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202027	Reed	Driftsbygning	1800-talet, 4.kvartal	▲
S 6	14450202018	Mittun, Reed	Landhandel	1800-talet	▲
	14450202017	Reed	Bustadhus	1800-talet, 1.kvartal	▲
	14450202015	Nytun, Reed	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202016	Reed	Eldhus	1800-talet, 1.kvartal	▲
	14450202019	Gordon, Reed	Gjestgiveri	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202020	Reed	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202022	Per bruket, Reed	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202012	Tingvoll, Reed	Kommunehus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202008	Nedrebø, Reed	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202009	Nedrebø, Reed	Saudefjøs	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202010	Lilleheim, Reed	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450202013	Nyhagen, Reed	Bustadhus	1800-talet	▲
	14450202021	Tinghaugen, Reed	Bustadhus	1700-talet, 4.kvartal	▲
	14450202032	Reed	Naust	1800-talet, 3.kvartal	▲
	14450202033	Reed	Naust	1800-talet, 4.kvartal	▲

	14450202034	Reed	Naust	1800-talet, 4.kvartal	
	14450202035	Reed	Naust	1800-talet, 4.kvartal	
	14450202036	Reed	Naust	1800-talet, 4.kvartal	
	14450202037	Reed	Naust	1800-talet, 4.kvartal	
	14450202038	Reed	Naust	1800-talet, 3.kvartal	
	14450202039	Reed	Naust	1800-talet, 3.kvartal	
	14450202011	Lilleheim	Driftsbygning	1800-talet, 4.kvartal	
S 7	14450203001	Seim	Naust	1900-talet, 1.kvartal	
	14450203002	Seim	Driftsbygning	1800-talet, 4.kvartal	
	14450203003	Seim	Nystove	1800-talet	
	14450203004	Seim	Stove	1800-talet, 4.kvartal	
	14450203005	Seim	Gardflor	1800-talet, 1.kvartal	
	14450203006	Seim	Gardfjøs	1800-talet, 3.kvartal	
	14450203007	Seim	Løe, jordlade	1900-talet	
	14450203008	Seim	Naust	1700-talet	
	14450203009	Seim	Stove	1600-talet	
	14450203011	Seim	Stabbur	1700-talet	
	14450203012	Seim	Driftsbygning	1800-talet, 3.kvartal	
	14450203013	Seim	Gardfjøs	1800-talet, 2.kvartal	
	14450203014	Seim	Stove	1800-talet, 4.kvartal	
S8	14450203015	Flåten, Råd	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	
	14450203016	Flåten, Råd	Bustadhus	1800-talet, 1.kvartal	
S10	14450203029	Råd	Ruin etter fjøs	1700-talet	
	14450203028	Råd	Ruin etter skykkje	1800-talet	
	14450203027	Råd	Ruin etter bustad	1800-talet	
	14450203024	Råd	Smie	1800-talet	
	14450203025	Råd	Bustad	1800-talet	
	14450203026	Råd	Driftsbygning	1800-talet	
	14450203030	Råd	Stabbur	1700-talet	
	14450203031	Råd	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	
S13	14450203017	Indrebø, Bø	Bustadhus	1800-talet, 2.kvartal	
	14450203018	Indrebø, Bø	Nystove	1800-talet, 2.kvartal	
	14450203019	Indrebø, Bø	Driftsbygning	1800-talet, 2.kvartal	
	14450203020	Indrebø, Bø	Smie	1800-talet, 3.kvartal	
S 11	14450203021	Bø	Nystove	1700-talet, 4.kvartal	
S 12	14450203022	Bø	Driftsbygning	1800-talet, 3.kvartal	
	14450203023	Bø	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	

S 15	14450203034	Høylo	Ruin av gardfjøs	1800-talet, 3.kvartal	▲
S 14	14450203036	Høylo	Ruin av gardfjøs	1800-talet, 2.kvartal	▲
	14450203037	Høylo	Ruin av gardfjøs	1800-talet, 1.kvartal	▲
	14450203040	Høylo	Ruin av uteløe	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450203035	Høylo	Ruin av uteløe	1800-talet, 3.kvartal	▲
	14450203039	Høylo	Stabbur	1800-talet	▲
	14450203040	Høylo	Bustadhus	1800-talet, 4.kvartal	▲
	14450203038	Høylo	Stall	1800-talet, 2.kvartal	▲
	14450203041	Høylo	Ruin etter gardfjøs	1800-talet, 3.kvartal	▲

På Seime er det bygningar frå heilt attende til 1600-talet. Dette er ei stove. På same garden er det også bygningar (naust og stabbur) frå 1700-talet. På garden Bø står det ei stove frå 1700-talet, medan det på Råd er eit stabbur og ein ruin etter eit fjøs frå 1700-talet. Bygningar frå 1800-talet og tidleg på 1900-talet er kjent frå alle gardane i området.

Det er ikkje registrert stadnamn i det aktuelle planområdet.

"Den trondhjemske postvei"

"Den trondhjemske postvei" voks fram frå 1780-åra. Til grunn låg Kgl.res. av 13.mai 1785 om regelbunden og vekefast postføring mellom dei viktige byane Bergen og Trondheim. Krav til betre og raskare postgang, sette også krav til vegane. Ei synfaring i 1769 fortel at desse var i dårlig tilstand og ikkje betre enn smale gang- og ridestigar avbrotna av fjord og vatn med robåt og siglande farkostar, alt etter værtilhøva.

I Sogn og Fjordane strekkjer "den trondhjemske postvei" seg i alt 230 km. Av desse går om lag 155 km over land og om lag 75 km over fjordar og vatn. Frå Vassenden i Jølster gjekk postvegen til Breimsvatnet via Ålhus og Skei. Så nyttja ein båt over Breimsvatnet til Reed i Breim. Her gjekk vegen frå gamlebryggja i Reed-fjøra, opp framom Gordon Hotel og langs det som no er riksveg14, til Flølo. Postbrygga i Reed fjæra er i god stand og postvegen ligg under grusa veg forbi Gordon Hotel fram til riksvegen. Vidare gjekk traseen opp forbi Hole, langs Skrøppavegen og fram mot Moldestad. Herifrå går vegen bratt opp på Utvikfjellet. Mykje av den opphavlege vegen er i dag nedbygd av riks-, kommune- og gardsvegar, eller er under plogen.



Postvegen på Reed med utsyn over sørover Breimsvatnet, teke i 1885 (fotograf: Knud Knudsen, henta frå <http://www.fylkesarkiv.no/>).

Reed var ein gammal tingstad med kyrkje og prest frå katolsk tid. Her var gjestgjevarstad og landhandel alt frå 1600/1700-talet. Frå 1787 hadde Reed også postopneri. I 1817 vart det gitt løyve til å drive kro og herberge for vegfarande. Denne verksemda utvikla seg seinare til å bli Gordon Hotell.

Verdivurdering

Det er i områda rundt gardstuna i kulturmiljøet ein finn dei viktigaste kulturhistoriske verdiene. Gravhaugane ligg spreidd i kulturlandskapet og er synlige vitnesbyrd om gardsbusetnaden tilbake til eldre jernalder. På alle gardstuna står bygningar frå 1800/1900-talet, men enkelte gardar har bygningar som er frå 1600/1700-talet. I mellom gardstuna er det jorder med dyrka mark, desse er i stor grad prega av moderne jordbruksaktivitet. Inni mellom kan ein likevel sjå restar etter kulturbreiter med ruinar etter gardfjøsar.

Reed har vore eit bygdesentrum i fleire hundre år. Det er her kyrkja i bygda er lokalisert, den er listeført. Reed var også kyrkjested i middelalderen og den første kyrkja ein kjenner til vart oppført på 1200-talet. Nøyaktig plassering kjenner ein ikkje.

Reed var også eit viktig sentrum på 17/1800-talet, med gjestgjevarstad, postopneri og landhandel. I dag er Gordon Hotell eit ståande vitnesbyrd om denne aktiviteten.

Naustmiljøa ved Breimsvatnet har også store kulturhistoriske kvalitetar. Det gamle naustmiljøet på Reed er frå 1870-åra og mange av bygningane er tekne vare på. I 2005 var det 14-15 bygningar og ei gammal steinbryggje. På Seime er det også eit verdifullt kulturlandskap med naust og ei løe. Det eine naustet er frå 1700-talet.

Det definerte kulturmiljøet er stort og famnar om eit stort område. Den overordna verdivurderinga vert middels til stor verdi for det samla kulturmiljøet. Dei automatisk freda kulturminna innanfor kulturmiljøet er av nasjonal interesse og er skilt ut med stor verdi.



6.2 Kulturmiljø 2

Seimsstranda ligg mellom bruka på Seime og Årdalsstranda. Her er det bratt og ulendt og terrenget synest svært krevjande å ta seg fram i. Området her var likevel viktig for forsanking i tidlegare tider. Ser ein godt etter ser ein enno slåtteteigar innimellom urene ved foten av høge berg, graset vart slått på fjellhyller og ute på kantane av juv. Slåtteonna her varde i 14 dagar, med fire menneske frå kvart bruk. Under onna kom stølsjentene ned Stølsskora frå Seimsstølen med slåttematen.

I dag er det mykje tilvaksen skog på Seimsstranda. Kulturlandskapet er der likevel. Mellom anna finn ein mange større og mindre styvingstre, eller navar (lokalt namn). Almtrea er truleg mellom 150 og 300 år gamle.

"Dei slo nede med vatnet og langt oppe i fjellet. Alle tre brukta hadde høyloer oppe på Kvithamrane. Der slo og hesja dei graset og bar tørrhøyet inn i løene. Om vinteren rulla dei høyet ned til vatnet i meis. Meisa var eit nett laga av snøre. I stranda var det meir å hente. Dei rispa lauv av alm til grisefor, og hogg og kjerva lauv av rogn og selje til sauер og geiter, ofte langt oppe i fjellet. Dette foret tok dei ned til vatnet med løypestreng" (henta frå sffarkiv.no)

Ved Hamnen la dei store båtane til og færingane inn til berga for lasting av fôr og ved. To løypestrenger, begge oppsette kring 1895, gjekk i kvar sin retning opp frå Stranda. Strengane er framleis å sjå og festa er intakte i øvste enden, like eins grunnmurar etter høyloer.

Innanfor det definerte kulturmiljøet er det også to stølar, Rådastølen og Seimsstølen. På øk-kart over stølane er avmerkja to rune "R". Det vil seie at det er registrert to automatisk freda kulturminne på stølane. Det har ikkje lukkast å få nærmare opplysningar om kva fornminne det her er snakk om. Det er ikkje registrert opplysningar om desse fornminna i Bergen Museum sine tilvekstar, heller ikkje i Per Fett sine hefter "Førhistoriske minne på Vestlandet". Det har vore kontakt med Berit Gjerland i Sogn og Fjordane fylkeskommune, ho kunne heller ikkje finne opplysningar om fornminna. Stølane ligg imidlertid langt unna alle planlagde tiltak og det vil ikkje bli konflikt med verken stølane eller fornminna som er registrert der.

Verdivurdering

Kulturlandskapet på Seimsstranda er eit synleg vitnesbyrd om korleis ein tidlegare var avhengig av å utnytte alle ressursar for å samle nok for til dyra slik at dei klarde seg gjennom

vinteren. Slåtteteigar på dei mest utilgjengelege plassar vart nytta. Kulturlandskapet her har ein liten lokal verdi.

Stølsdrifta var viktig for gardsdrifta fram til byrjinga av 1900-talet. Dei to stølane innanfor kulturmiljøet har middels verdi.

Samla vert kulturmiljøet vurdert til å ha liten til middels opplevingsverdi, liten til middels bruksverdi og liten til middels kunnskapsverdi. Samla verdivurdering vert liten til middels verdi.



7 OMFANG OG KONSEKVENSVURDERING

7.1 Alternativ A1 kraftstasjon i Seimesstranda (i fjell)

KM 1

Inntaket i Storelva er planlagt nede på Høylo myrane på Høylo gnr. 112, på sørsida av elva. Eksisterande veg går ned til tiltaksområdet. Tiltaka knytt til dette alternativet vil i liten grad virke inn på kulturlandskapet i området. Det aktuelle området er eit våtlendt elvenært myrområde. Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i det aktuelle området. Ved synfaringa vart det ikkje sett automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet. I god avstand til tiltaksområdet ligg det eit gammalt kulturbalte med ruin etter ein gardfjøs frå tida mellom 1850 og 1875. Tiltaka vil i liten grad ha visuell verknad på kulturbetet og ruinen.

Sjølv om inntaket ligg innanfor det definerte kulturmiljøet vil tiltaket likevel i liten grad ha innverknad på kulturmiljøet som heilskap. Lokaliseringa er uproblematisk med tanke på dei områda som har dei høgaste kulturhistoriske verdiane.

Det er planlagd kraftstasjon i fjell på Seimestranda. Denne vil bli bygd om lag 100 m inne i fjellet. Vidare er det planlagt tilkomstveg fram til tunnel og kraftstasjon i fjell. Næraste garden til kraftstasjonsområdet er Seime. Kraftstasjonsområdet ligg godt skjerma i høve til kulturmiljøet og kulturlandskapet på Seime.

Tiltaka er planlagt i skråninga på oppsida av vegen. Ved synfaringa vart det ikkje sett automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i dette området. Dette er ei bratt li med mykje berg i dagen som ligg i små avsatsar oppover i lia.




Området ved kraftstasjon. Bilete teke mot NA.

Lokaliseringa av kraftstasjonsområdet er god, både med omsyn på kulturmiljø og kulturlandskap. Området ligg godt skjerma frå gardane og kulturmiljøa som ligg langs med elva.

Redusert vassføring vil ha generell visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø, og dermed skiple opplevinga av kulturlandskapet på staden noko.


Samla vert tiltaka vurdert til å ha intet til lite negativt omfang både i anleggs- og driftsperioden.



Middels til stor verdi samanhøde med intet til lite negativt omfang gir ingen til liten negativ konsekvens (0/-).

KM 2

Tiltaket vil ikkje ha nokon innverknad på kulturmiljø 2 verken i anleggs- eller driftsperioden.



Liten til middels verdi samanhøde med intet omfang gir ingen konsekvens (0).

7.2 Alternativ A2 kraftstasjon i Seimestranda (i dagen)

KM 1


Inntak er lik som for alternativ A1.

I dette alternativet er kraftstasjonen i dagen, om lag på same stad som for den i fjell. Det er også i dette alternativet naudsynt med ein tilkomstveg til tunnelpåslaget.

Sidan kraftstasjonen er i dagen vil tiltaket bli noko meir synleg enn alternativ A1. Likevel vil tiltaket vere godt skjerma for det definerte kulturmiljøet.

Redusert vassføring vil ha generell visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø, og dermed skiple opplevinga av kulturlandskapet på staden noko.


Samla vert tiltaka vurdert til å ha intet til lite negativt omfang både i anleggs- og driftsperioden.



Middels til stor verdi samanhilde med intet til lite negativt omfang gir ingen til liten negativ konsekvens (0/-).

KM 2

Tiltaket vil ikkje ha nokon innverknad på kulturmiljø 2 verken i anleggs- eller driftsperioden.



Liten til middels verdi samanhilde med intet omfang gir ingen konsekvens.

7.3 Alternativ B Kraftstasjon ved Seimebrua

KM 1

Inntaket i Storelva er det same som for alternativ A1 og A2. Kraftstasjonen er i dette alternativet plassert sør for Seime bru og med tilbakeføring av driftsvatn til elva slik at vassføringa i den nedste delen av elva til utløpet i Breimsvatnet vert bevart.




Området rundt den planlagde kraftstasjonen i alternativ B.

Ei plassering av kraftstasjon i lausmasseavsetningane ved Seimsbrua vil gripe inn i kulturmiljøet kring den gamle kyrkjestaden og ha nærføring til gravminne og kulturlandskap på garden Råd, gnr 114. I tillegg til sjølve kraftstasjonen vil det også bli greve ei røyrgate i nedste del mot kraftstasjonen. Røyrgata vil vere mellom 700 og 800 meter lang og mellom 15-20 meter brei. Dette vil medføre eit stort inngrep i kulturmiljøet, særleg i anleggsperioden.

Redusert vassføring vil ha generell visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø, og dermed opplevinga av kulturlandskapet på staden. Tilbake føring av driftsvatn i nedre del av elva vil vere positivt.


Alternativet vert vurdert til å ha eit middels negativt omfang i anleggsperioden og eit lite negativt omfang i driftsperioden. Samla vert tiltaket vurdert til å ha lite til middels negativt omfang.



Middels til stor verdi samanhilde med lite til middels negativ omfang gir liten til middels negativ konsekvens (-/-).

KM 2

Tiltaket vil ikkje ha nokon innverknad på kulturmiljø 2 verken i anleggs- eller driftsperioden.



Liten til middels verdi samanhilde med intet omfang gir ingen konsekvens.

7.4 24 kV jordkabel/ 24 kV kraftlinje

Det er to alternativ for tilkopling til Reeds sekundærstasjon. Dette er anten ved hjelp av ein 2,6 km lang 24 kV jordkabel eller ei 24 kV luftlinje.

- 1) Jordkabelen vil følgje eksisterande veg frå kraftstasjonen i alternativ A1 og A2 nordover mot Seime. Herifrå kryssar kabelen over dyrka mark og følgjer heretter elvekanten mot Råd. Herifrå kryssar den igjen dyrka mark før den kan koplast på eksisterande anlegg. Sjølv om det blir direkte inngrep innanfor KM 1 vil tiltaket i liten grad påverke kulturmiljøet. Storparten av kabelen vil anten gå i veg eller følge elvekanten heilt i utkanten av kulturmiljøet. Det vert ingen til liten negativ konsekvens (0/-).
- 2) Ei ny 24 kV kraftlinje vil bli bygd i same trase som eksisterande 22 kV linje. Den noverande linja vil bli riven. Linja vil gå igjennom det definerte kulturmiljøet og vil bli noko større og meir dominerande enn den eksisterande linja. Dette vil skiple opplevingsverdien til kulturmiljøet noko. Tiltaket får eit lite negativt omfang for kulturmiljøet. Det vert liten negativ konsekvens (-).

7.5 Samla konsekvensar


Kulturmiljø	Utbyggingsalternativ					
	A1 – Kraftstasjon i Seimsstranda (i fjell)		A2 – Kraftstasjon i Seimsstranda (i dagen)		B – Kraftstasjonen ved Seimebrua	
	24 kV jordkabel	24 kV kraftlinje	24 kV jordkabel	24 kV kraftlinje	24 kV jordkabel	24 kV kraftlinje
KM 1	Ingen til liten negativ konsekvens (0/-)	Ingen til liten negativ konsekvens (0/-)	Ingen til liten negativ konsekvens (0/-)	Ingen til liten negativ konsekvens (0/-)	Liten til middels negativ konsekvens (-/-)	Liten til middels negativ konsekvens (-/-)
KM 2	Ingen konsekvens (0)	Ingen konsekvens (0)	Ingen konsekvens (0)	Ingen konsekvens (0)	Ingen konsekvens (0)	Ingen konsekvens (0)
Rangering	1	3	2	4	5	6

Rangering der 1 er det beste alternativet.

Alternativ A1 og A2 er lite problematiske å gjennomføre sett frå eit kulturhistorisk perspektiv. Sjølv om det vil bli fysiske tiltak innanfor det definerte kulturmiljøet, vil tiltaka ikkje vere særleg dominerande og dei er godt skjerma i forhold til områda med dei viktigaste kulturhistoriske verdiane. Alternativa med jordkabel vert føretrekt i forhold til oppgradering av eksisterande kraftlinje. Alternativ A1 med jordkabel vert trekt fram som det beste alternativet, som nr 2 følgjer alternativ A2 med jordkabel. Vidare er alternativ A1 med luftlinje er rangert som det 3. beste alternativet og A2 med luftlinje som det 4. beste alternativet. Alternativ B kjem därlegast ut, både med og utan kraftlinje. Alternativ B med jordkabel, er rangert som nr 5 og alternativ B med kraftlinje, er rangert som nr 6 og er rekna som det därlegaste alternativet for kulturminne og kulturmiljø.

7.6 Massedeponi

Dei planlagde massedeponia ligg hovudsakleg på sørsida av Storelva. Eit massedeponi ligg på ei flate vest for Fløtreelva på nordsida av Storelva.



Område for massedeponi markert med grøn skravur.

Massedeponi på nordsida av Storelva

Dette massedeponiet er planlagt på ei oppdyrka elvenær flate like sør for eit gammalt masseuttak/grustak. Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid på det aktuelle arealet for massedeponi. Det vart ikkje sett synlege automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid på arealet ved synfaringa. Ut frå kantarealet ser det ut til at denne flata ikkje er opphavleg. Ein eldre veg går frå masseuttaket og ned til Storelva like vest for det planlagde massedeponiet.

Massedeponi vest for inntaket

Dette massedeponiet ligg nede på myra langs søre breidda på Storelva. På ein terrasse/høgare areal sør for arealet for massedeponi ligg det eit gammalt kulturgeite. Dette er omtala under alternativ A1.



Massedeponiet vest for alternativ 1 vert liggande ned mot elva bakom kulturbeitet på høgdedraget midt i biletet. Ruinen etter gardfjøsen frå andre halvdel av 1800-talet ligg litt til venstre for midten i biletet. Bilete teke mot N.

Slik massedeponiet er planlagt vil det ikke skiple kulturbeitet i området. Det er ikke kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid på det aktuelle arealet for massedeponi. Ved synfaringa vart det ikke sett synlege automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid på arealet. Området ligg lågt og er utsett for flaum frå elva. Austre del av arealet til massedeponi er i stor grad myrlendt. Vestre delen, som ligg nordaust for bruket på Lunde, er planlagt på ei oppdyrka våtlendt flate heilt ned mot Storelva.



Vestre del av planlagt areal for massedeponi. Det er ein markert terrassekant som avgrensar arealet mot sør, heilt til høgre i biletet. I nord går arealet heilt fram til elvebreidda. Bilete teke mot A.

Dersom massedeponiet vert lagt lågare i terrenget enn terrassekanten i sør vil deponiet ha liten eller ingen innverknad på gardsmiljøet og kulturlandskapet på Lunde.

Arealet for massedeponi vest for inntaket, ligg langs med Storelva og er våtlendt og elvenært.

Massedeponi vest for Lunde

Dette massedeponiet ligg også langs øvre breidda på Storelva. Området er kupert med større og mindre kollar med lausmasse. Mellom kollane strekk det seg drag fra terrassekanten/dyrka areal i sør og ned mot Storelva i nord. Massedeponiet er planlagt langs kanten mot Storelva, og i dei markerte draga i området vest for Lunde.



Til venstre ser ein austre del av område for massedeponi. Bilete teke mot A. Bilete til høgre syner vestre del av område for massedeponi. Bilete teke mot NV.

Det er ikke kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid på det aktuelle arealet for massedeponi. Næraste kjende automatisk freda kulturminne er gravhaugen på Høgehøgjen (Id 45846). Denne ligg på garden Bø gnr. 113, på høgste terrassen i området, med vidt utsyn over garden og Breimsvatnet i vest og Byrkjelo i aust. Tiltaka nede ved elva nordaust for gravhaugen vil ha liten innverknad på kulturmiljøet og kulturlandskapet på Bø.

Gardane på sørsida av Storelva ligg på markerte terrassar høgare i terrenget. Kjende og tidlegare kjende kulturminne ligg også oppe på desse lausmasseavsetningane som gardane ligg på. Ingen kjende funn er registrert i beltet mellom terrassekantane og Storelva. Alle deponiområda er planlagt i dette beltet. Dette gjer at tiltaka vil ha liten visuell innverknad på kulturlandskap og kulturminne i området.

8 AVBØTANDE TILTAK

Som avbøtande tiltak vil det vere viktig å plassere vegar og massedeponi med minst mogleg terrenginngrep. Massedeponi som er plassert på dyrka mark må dekkjast med jord og såast, slik at deponiområdet ikkje skil seg ut i forhold til dei omkringliggande markene.

Jordkabel bør føretrekkast framfor luftlinje og eksisterande linje bør rivast om alternativet med jordkabel vert valt. Om jordkabel vert valt er det også viktig at grøfta som vert greven i samband med denne vert tildekkta slik at inngrepet ikkje vert synleg i ettertid.

9 OPPFØLGJANDE UNDERSØKINGAR

Tiltak som deponiområde, anleggsvegar, permanente konstruksjonar og midlertidige riggområde vil kunne utløyse eit krav om arkeologiske undersøkingar i henhold til kml § 9 (undersøkingsplikta). Graving av grøfter, anten det er i samband med jordkabel eller røyrgate, vil også kunne utløyse arkeologiske undersøkingar. Det er Sogn og Fjordane fylkeskommune som har forvaltningsansvar i gjeldande område.

Tunnelmassane i samband med tiltaket vil bli brukt lokalt til utbetring av jordbruksareal, vegar og liknande, eller bli deponert i eit undervassdeponi i Breimsvatnet. Slike tiltak må avklarast med kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen. I denne rapporten er vurderingane gjort ut frå avmerka deponiområde på kart.

Planområdet er vurdert til å ha lite potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Det er derfor lite truleg at tiltaket vil utløyse eit krav om arkeologiske undersøkingar i henhold til kml § 9. Eit unntak kan imidlertid vere stadane der den planlagde jordkabelen kryssar over dyrka mark og traseen for røygata ned til kraftstasjonen i alternativ B.

10 VURDERING AV POTENSIAL FOR FUNN AV AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Inntaket ved Storeelva er plassert på Høylomyrane, på Sørsida av elva. Det aktuelle området er eit våtlendt elvenært myrområde. Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i det aktuelle området. Ved synfaringa vart det ikkje sett automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet. Området er vurdert til å ikkje ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne.

I alternativ A1 og A2 er kraftstasjonen plassert sør for garden Seime. Det er to alternativ, eit med kraftstasjon i dagen og eit med kraftstasjonen i fjell. Begge tiltaka er plassert i skråninga på oppsida av vegen. Ved synfaringa vart det ikkje sett automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i dette området. Dette er ei bratt li med mykje berg i dagen som ligg i små avsatsar oppover i lia. Det aktuelle området for kraftstasjon og tilkomstveg er vurdert til ikkje å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne.

I alternativ B er kraftstasjonen plassert like sørvest for Seime bru. Dette området ligg nærmere garden Råd og ein gravhaug (id nr 35787) er registrert på jorde eit stykke unna. Det er såleis et større potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i dette området i forhold til plassering av kraftstasjon i alternativ A1 og A2. Kraftstasjonen i alternativ B ligg likevel i ei bratt skråning, slik at potensialet for automatisk freda kulturminne må reknast som liten. Alternativ B inneber også ei røyrgate i nedste del ned mot kraftstasjonen. Denne røyrgata går mellom gardane Seime og Råd. Her vil potensialet for funn av automatisk freda kulturminne vere middels stort.

Ny 22 kV kabel følgjer i hovudsak eksisterande veg og elvekant. To stader kryssar den likevel eit større område med dyrka mark. Her vil det vere eit potensial for funn av automatisk freda kulturminne.

Områda tiltenkt for massedeponi ligg hovudsaklig i elvenære område som er utsett for flom frå elva. Eit unnatak er massedeponi vest for garden Lunde, her er området kupert med større og mindre kollar med lausmasse. Det er ikkje kjende kulturminne på dette arealet. Ved synfaringa vart det ikkje sett synlege automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i det aktuelle området. Alle kollane innafor arealet for massedeponi var gått over ved synfaringa utan at det vart påvist synlege automatisk freda kulturminne. Etter som det ikkje er spor etter synlege automatisk freda kulturminne på dei tørre kollane i det aktuelle er området (t.d. kolgroper) er arealet vurdert til å ha lite potensial for funn av automatisk freda kulturminne.

11 LITTERATURLISTE

Askeladden. Nasjonal fornminnedatabase. Riksantikvaren. www.askeladden.no

Asplan Viak AS. Kulturminnegrunnlag. Breim kraftverk. Kjell Arne Valvik 2009.

Fett, Per. Førhistoriske minne på Vestlandet. Bergen Museum.

Håndbok 140. Konsekvensanalyser. Statens vegvesen. Oslo, 2006.

Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar. Rettleiar. Riksantikvaren. Oslo, 2003.

"Den Trondhjemske Postvei". Fylkesprosjekt Sogn og Fjordane. Hovudplan for Restaurering og forvaltning av postvegen.

<http://no.wikipedia.org/wiki/Breim>


http://sognogfjordane.kulturnett.no/default.aspx?target_url=main.aspx

www.sffarkiv.no

Informantar:

Berit Gjerland, Sogn og Fjordane fylkeskommune


VEDLEGG 1



Verdi
Stor
Middels til stor
Middels
Liten til middels
Liten

Breim kraftverk
Søker: Breim Kraft AS
Kartgrunnlag: N50 og Askeladden
Kart utarbeidet av: MULTICONULT AS, Postboks 280, 1401 Ski
Dato: 27. september 2010

VEDLEGG 2



Tegnforklaring

- (○) Kulturminne/-miljø
- (■) Influensområdet

Breim kraftverk

Søker: Breim Kraft AS

Kartgrunnlag: N50

Kart utarbeidet av: MULTICONULT AS,
Postboks 280, 1401 Ski

Dato: 17. august 2010

